

## KULTURMIDLAR - RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV STØTTE TIL SPESIELLE PROSJEKT

### Kven kan søke?

Lag, organisasjonar og enkeltpersonar heimehøyrande i Haram kan søke – anten åleine eller saman med andre. Kulturutvalet kan gjere unntak for tiltak som er retta mot barn og unge i Haram.

Kulturutvalet vil prioritere prosjekt som er direkte retta mot barn og unge. Evt. unntak skjer berre etter nærmere vurderingar.

### Kva kan de søke støtte til?

De kan søke støtte til spesielle prosjekt som hovudsakleg finn stad i Haram:

- prosjekt som ikkje er ein del av laget / organisasjonen sin "vanlege" aktivitet, t.d.:
  - leiarkurs / instruktørutdanning
  - utviklingsarbeid
  - spesielle større arrangement, konsertar, utstillingar o.l.
- aktivitetar / tilbod som er av "nyskapande" karakter, t.d.:
  - aktivitetar, møteplassar, tilbod vi ikkje har / har lite av i Haram frå før som t.d.
    - film- / musikkverkstad
    - fritids- / ungdomsklubb
    - ymse kurs
    - Internettkafé
    - tilbod i ny regi, t.d. samarbeid på tvers av lag / organisasjonar og enkeltpersonar
- at det er på ungdommen sine eigne premissar, dvs. at ungdom:
  - får tillit og blir tatt på alvor
  - har reell medbestemming og er delaktige på dei fleste nivå / i dei fleste ledd, t.d. ved val / utforming av lokale, organisering / utforming av tilbod, drift av aktivitet / tilbod osb.
- "lavterskelttilbod", noko som m.a. inneber at:
  - det er ope for flest mogleg
  - det har appell til begge kjønn
  - det er lett tilgjengeleg
  - det ikkje kostar for mykje å delta

### Kor stor støtte kan de få?

Ev. støtte frå kommunen vert gitt anten som underskotsgaranti (ved inntektsbringande arrangement) eller direkte tilskot (ved andre arrangement / prosjekt).

I utgangspunktet er støtta avgrensa oppover til kr 5.000. Utvalet kan – etter nærmere vurderingar – gi større støtte til meir omfattande prosjekt for ungdom.

Støtta vert utbetalt etter at prosjektet er fullført og ein har mottatt sluttrapport og underskrive/ revidert rekneskap. Det kan søkjast om dispensasjon.

Midlane er avgrensa og de kan ikkje få støtte meir enn éin gong i året.

## Søknadsfrist

De kan søke når de vil, men søknaden må sendast kulturutvalet før prosjektet er gjennomført. Søknad skal sendast på kommunen sitt elektroniske søknadsskjema som ein finn på kommunen si heimeside.

## Kva må søknaden innehalde:

Alle søknadar må informere om:

- namn, adresse, telefon og evt. e-post på ansvarleg arrangør. Dersom teknisk arrangør er andre enn ansvarleg arrangør, må dette nemnast. Det same dersom det er andre enn ansvarleg arrangør som skal ha evt. overskot. Søknadar frå enkeltpersonar/ grupper av enkeltpersonar, må oppgi alder på arrangørane
- målsetjing med arbeidet / bakgrunn for søknaden (kva, kvifor m.m.)
- målgruppe (t.d. barn / unge, vaksne, eldre) og korleis desse vert trekt med i opplegget
- tidspunkt og innhald i aktiviteten/ tilbodet (kva skjer, kvar, når, evt. for- / etterarbeid m.m.)
- oversiktleg budsjett som viser alle forventa inntekter og utgifter (må ikkje vere underskot)
- konto som ev. støtte kan utbetalast til

Søknadar utan desse opplysningane kan ikkje rekne med å bli handsama.

Ta kontakt med kommunen dersom noko er uklart. Tlf. 70 20 75 00 eller e-post:  
[postmottak@haram.kommune.no](mailto:postmottak@haram.kommune.no)

## Vedtak

Vedtak om tildeling vert fatta av kulturutvalet.

Utvalet avgjer søknadane på grunnlag av retningslinjene og eige skjøn. Evt. avslag skal grunngjevast.

Evt. klage må sendast kulturutvalet seinast 3 veker etter mottatt melding om vedtak.

Tilskotsmottakarar vert oppmoda om å opplyse at dei har fått støtte frå Haram kommune. Dette kan skje på billettar, plakatar, program, utgjevnadar osv.

## Vilkår

- Kommunen si ordning med følgjekort må aksepteras.
- Det omsøkte prosjektet må ikkje vere i strid med kommunen si haldning til å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet, religion m.v.
- Det omsøkte prosjektet må vere i tråd med kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan.
- Det omsøkte prosjektet skal ikkje primært ivareta eigne yrkesmessige og/eller økonomiske interesser.
- Lag/organisasjonar som søker om støtte må ha ei demokratisk oppbygging og drift.
- Laget/organisasjonen skal nytte Friskus, kommunen sin felles kalender og informasjonskanal for aktivitetar og frivillig innsats

## Ramme

Midlane er avgrensa. Inntil 50 % av tilskotspotten vert tildelt i første halvår – resten i andre.